

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

“Tillegg:

- (1) Vedlegg:
avsnitt 2.1.1. under «I kost/nytte vurderinga skal ein legge vekt på om samarbeidsaktivitetane bidreg til å: - Stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet”

- (2) Nytt punkt :
EØS-avtalen er hovudfundamentet i Norge sitt internasjonale samarbeid. EØS-avtalen er derfor avgjerande for gjennomføring av strategien for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024. Vestland fylkeskommune skal aktivt nytte ut dei mulegheitane EØS-avtalen opnar for.”

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Distad sitt forslag (1) vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (Frp).

Distad sitt forslag (2) vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 4 røyster (Sp, SV, Krf).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 med slik endring:
Avsnitt 2.1.1. under “I kost/nytte vurderinga skal ein legge vekt på om samarbeidsaktivitetane bidreg til å:” - Stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet

2. Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement skal vere integrert i regionale planar, temaplanar og strategiar.

3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om bruk av samarbeidsregionar.

4. Alle sektorar skal prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid.

5. Fylkeskommunen får aukt kompetanse gjennom samarbeid med aktørar som jobber for berekraftig utvikling også utanfor Europa. Derfor skal fylkeskommunen utrede moglegheita for internasjonalt samarbeid gjennom NOREC, og søke om midlar til prosjekt som er relevante for fylkeskommunen.

6. EØS-avtalen er hovudfundamentet i Norge sitt internasjonale samarbeid. EØS-avtalen er derfor avgjerande for gjennomføring av strategien for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024. Vestland fylkeskommune skal aktivt nytte ut dei mulegheitane EØS-avtalen opnar for.